

Frys ned kreften

Del av Briksdalsbreen, Foto: Colourbox

Kvart år får 5000 norske menn prostatakreft. 20 prosent av dei som blir ramma, dør av sjukdommen. Dagens behandlingstilbod kan gi biverknader som urinlekkasje, impotens og redusert tiltaksløst.

Prøver ut

Cryoimmunterapi er ein ny og innovativ behandlingsmetode. Den mobiliserer pasienten sitt eige immunforsvar til å angripe kreftcellene. Svulsten blir frose ned og immunceller, som på førehand er høsta frå pasienten sitt blod, blir sprøyta inn.

Metoden er utvikla av norskamerikanaren Haakon Ragde og skal prøvast ut på ei gruppe pasientar med uhelbredeleg prostatakreft. Desse har ikkje nytte av standard behandling.

Mål

Sjekke om cryoimmunterapi har effekt for pasientane som er med i studien. Resultat vil føreligge først eitt år etter behandlinga.

Haukeland universitetssjukehus er det første sjukehuset i verda som tester Ragde sin metode fullt ut.

Lisens i Europa

Selskapet Alden Cancer Therapy II planlegg og følgjer opp utprøvinga på Haukeland.

Finansiering

Grieg Foundation, B. Friele & sønner, Rederinæringa i Haugesund-regionen, Helse Vest-innovasjonsmidlar, private givarar og Haukeland universitetssjukehus er med i spleiselaget som kostar om lag seks millionar kroner.

Kontakt

Bergen Teknologioverføring (BTO)
post@bergento.no

